



ODD KOSTVEIT
Totakvegen 180

3864 RAULAND

Delegert sak nr. 1/26

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
KJELL.CHRI	2025/7486	113/2026	K01	05.01.2026

138/1 -Svar på søknad om snøskuterløyve til utmarksnæring

Vedlegg: Løyve

Dokument i saka:


- Søknad m/vedlegg
- Kartutsnitt
- *Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova)*
- *Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag*
- *Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdselslova* - vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119

Bakgrunn:

ODD KOSTVEIT har søkt om løyve til transport av materiell og utstyr for utmarksnæringa.

Vurdering:

ODD KOSTVEIT er eigar av gnr/bnr 138/1, 138/6 og 138/9. Drift av desse eigedomane krev løyve til køyring med snøskuter, i samband med vedlikehald, ved køyring og transport av leigetakarar. Søknaden er vurdert slik at skadeverknadene ikkje er større enn at dei kan forsvarast av nytten av transporten. Løyvet blir gjeve for 4 år, med utgangspunkt i felles trasé til hyttene på heia. Han driv med utmarksnæring og det kan difor gjevast løyve til transport av materiell og utstyr i medhald av §5 bokstav a i Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag og kommunens Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdselslova, vedteke i kommunestyret 15.12.2016. Løyvet gjeld for traseane som vist i kartet.



Einingsleiar sitt vedtak:

ODD KOSTVEIT sin søknad om løyve til utmarksnæring blir innvilga. Løyvet gjeld for 4 år om gongen frå 05.01.2026 og er knytt til verksemda. Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg.

Det er ein føresetnad at løyvehavar gjer seg kjend med gjeldande reglar for løyvet som er vedtekne i *Retningsliner for handsaming av søknader etter motorferdselslova* – vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119.

Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar før transporten skjer.

Løyvet gjeld for éin snøskuter.

Løyvet skal alltid vera med transporten og visast fram ved kontroll.

Transporten skal nytte traseane vist i kartet som fylgjer løyvet.

Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke.

Køyring skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fugleliv.

I tråd med formannskapsvedtak 04.09.2025, skal ein ved utskriving av løyve til motorferdsel i utmark fakturere løyvehavar kr 315,- for kostnader knytt til utskriving av løyvet. Faktura blir ettersendt.

Vedtaket kan klagast på innan 3 veker, jf. forvaltningslovas §§ 28 og 29. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Kjell Christenson
konsulent



Løyve til utmarksnæring

Heimel: Forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag § 5 bokstav d

LØYVE TIL UTMARKSNÆRING

Løyvet gjeld for:

Odd Kostveit, Totakvegen 180, 3864 RAULAND

Traseane som skal nyttast er innteikna i kartet.


Løyvet gjeld for 4 år om gongen frå 05.01.2026 og er knytt til verksemda. Frå fyrste måndagen i mai til snøen er berande om hausten/vinteren er all køyring ulovleg.

Løyvet gjeld transport av utstyr og materiell for verksemda.

Løyvehavar er ansvarleg for å skaffe samtykke frå grunneigar før transporten skjer.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjeld for éin snøskuter
- Dette løyvet skal alltid vera med transporten, og visast fram ved kontroll
- Transporten skal nytte traseen vist i kartet nedanfor
- Det skal nyttast registrert snøskuter med korrekt kjennemerke
- Køyring skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til plante-, dyre- og fuglevliv





Vinje kommune
Næringskontoret

